



Konfirmasjonen 2020 vert annleis og må reknast som historisk.

Med bakgrunn i Covid 19 situasjonen i landet må konfirmasjonen denne helga reknast som historisk. For det fyrste er konfirmasjonsgudstenesta berre for inviterte gjester med avgrensa frammøtetal. For det andre er konfirmasjonen utsett frå mai til september månad. Det er 56 år sidan ein slutta med konfirmasjon på hausten i Uskedalen. Det var i 1964.

I kunngjeringa til konfirmasjonsgudstenesta i morgon, sundag 6. september, er det klart formulert at med bakgrunn i koronasituasjonen er gudstenesta berre for inviterte gjester. Kva confirmant har høve til å ha med inntil 14 gjester i kyrkja, to benker med 6 personar i kvar benk pluss to på galleriet.

Fram til 1964 var konfirmasjonen på hausten. Ein gjekk og las for presten på sommaren og vart confirmerte i september eller oktober månad. Endringa kom i 1965 då det var konfirmasjon på våren, faktisk 2. mai.

Soknerådet er med på gudstenesta, fører liste og deler ut gåve og rose ute på kyrkjebakken. Dei 14 confirmantane er delte inn i to grupper med 8 og 6 confirmantar på kvar gudsteneste, kl. 11.00 og kl. 13.00.

Prest er Reidar Ådnes. Organist er kantor Eva Megyesi. Klokkar: Berta Haugland. Kyrkjetenar: Magne Eik.

Hugs at vi heisar flagget for confirmantane.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal